

JD 199001

SVEIO KOMMUNE

ENDRA REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR.114 BNR.1 og 4, RATTESTØ  
REGULERINGSFØRESEGNER.

1. Det regulerte området er synt med plangrense på regulerings-kartet.

2. Byggjeområde for hytter.

I byggjeområdet kan det berre førast opp hytter. Oppføring av frittliggjande uthus er ikke tillatt. Kvar hytte er merkt i terrenget med ein pel eller bolt. Kvar einskild hytte skal plasserast slik at pelen/bolten fell innanfor grunnmuren. Hyttene kan berre førast opp i ein etasje med ei grunnflate på maks.  $90\text{m}^2$ . Hyttene skal ha skråtak. Eksisterande vegetasjon i området skal vernast så langt råd er.

3. Felles avkøyring/parkeringsplass.

På parkeringsplassane kan det berre førast opp bossbur. Plasseringa skal godkjennast av bygningsrådet. Skogsvegen og parkeringsplassane skal nyttast av grunneigar, og dei av hytte-eigerane som betalar sin andel i vegen. Dette gjeld både for dei nye hytte-eigerane og for dei eksisterande hytte-eigerane.

4. Felles friområde.

I det felles friområdet er innlagt gangstiar. Desse kan opparbeidast i inntil 1m breidde.

5. Felles friluftsområde.

Ved hogst og skogskjøtsel skal det takast omsyn til almen og spesielle friluftsinteresser i området. Skogshandsaminga må derfor bere preg av variert skogskjøtsel. Innanfor desse rammene skal skoglova gjelde.

6. Naust/båtopplagsplasser.

I området for naust/båtopplagsplass kan det byggjast kaiar og andre innretningar for fortøyning og opplag av småbåtar. Det kan dessutan førast opp 1 naust til kvar tomt. Nausta skal ha maks grunnflate på  $30\text{m}^2$  og maks høgde på 2,5m. Og førast opp i einingar frå 1 til 5. Nausta skal ha same stil og ein avpassa farge. Takvinkelen skal vere så liten som råd.

JD 199001

7. Felles føresegner.

Eksisterande vegetasjon i friområdet og hytteområdet skal vernast så langt råd er. Hogging av tre må ikke skje utan at dette er strengt nødvendig. Gran kan ikke plantast på hytteområdene eller i friområdet.

Ved handsaming av byggjesakene aksl bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og matrialhandsaming.

8. Der serlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova og bygningsvedtekten for Sveio kommune, gjera mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnerne.

Rett kopi:  
Riðar Hjørne  
Sveio Kommune  
Teknisk etat